

**Møtte ein annan ekspedisjon!**

02.05.2010

**Dag nummer 6 under Grønland-ekspedisjonen romma ein liten sensasjon:  
Dei møtte ein annan ekspedisjon.**

Den var altså på vandring frå aust til vest og hadde gjort unna 23 døgn med temperaturer ned til 30 grader på toppen av plataet. Den andre ekspedisjonen bestod av 6 og dei var 1 nordmann, 3 britar og 2 amerikanarar.

Denne dagen var for vår gruppe like problemfri som dei 5 føregåande dagane. Gjengen har fått nokre sår og blemmar, men ikkje meir enn forventa og veret er framleis strålande. På dag nummer 6 sette dei også distanserekord med 25,3 kilometer. Dagsmålet er 25 kilometer og det klarte dei altså denne dagen. Utstyr og proviant er samla på 2 pulkar, som kvar vog 70 kilo då dei starta frå Søndre Strømfjord.

Det kan vera på sin plass å minna om bakgrunnen for turen: Å fremja det gode føremålet til Stine Sofies Stiftelse. Visjonen til stiftinga, som er danna etter det grufulle som skjedde i Baneheia ved Kristiansand, er ein barndom utan vald.

Stiftinga har som målsetjing å vera ei uredd og kraftfull røyst for valdutsette born og deira pårørande.

Av Ola Matti Mathisen